

FØRESEGNER I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR TOLLANESET-HELLEKRAA

§ 1

Desse reguleringsføresegnene kjem i tillegg til føresegnene i bygningslova og bygningsvedtektene for Fusa kommune.

§ 2

Etter at planen og føresegnene er stadfesta, er det ikkje tillate ved privat servitutt å få i stand tilhøve som er i strid med stadfestinga. Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, gjera unntak for mindre vesentlege endringar frå føresegnene og planen.

Fellesføresegner for byggeområde

§ 3

Det kan byggjast berre innanfor byggegrensene. Buskar og tre må ikkje verta ståande slik at dei er til ulempe for allmenn ferdsle. Tomteareal som ikkje vert bygt på, skal stellast så det får ein tiltalande utsjånad. Ved byggemelding skal det gjerast greie for turvande bilplassar.

Føresegner for byggeområde for bustader

§ 4

Bygningane skal vera frittliggjande småhus, rekkehus eller kjedehus. Bygningsrådet godkjenner takforma og fastset høgdene på kvart bygg og på ferdig terreng inntil veggane. Byggverk kan, der anna ikkje er fastset, førast opp i inntil 2 høgder.

§ 5

Kvar byggemelding skal gjera geie for plassering av garasje for ein bil pluss oppstillingsplass for ein bil pr. bustadeining. Garasjen skal tilpassast huset med omsyn til form, farge og materialval og kan byggjast enten som del av huset eller som frittstående bygg. Eigne byggegrenser for garasje gjeld berre for frittstående bygg.

§ 6

I tomtegrense eller på tomta kan det setjast opp gjerde eller skjerm med ei høgd på opp til 2 m over terreng. Bygningsrådet skal godkjenna utforminga, høgde og fargesetting på gjerde.

Føresegner for byggeområde for forretning, hotell o.l.

§ 7

Bygningane kan oppførast i inntil to etasjer, men ikkje med større utnyttingsgrad enn vist i planen.